

Lindås Idrettsråd
v/Leiar John Helge Walderhaug

Lindås 02.02.2016

Lindås kommune
v/Kultur eininga
Eileen M. Feste

Sak: Fordeling av kulturmidlar 2016

Viser til tilsendt sak der Lindås Idrettsråd ikkje ville akseptere så kort frist i vår saksbehandling, vi er tufta på frivillighet og må derfor ha nok tid til alle saker slik at dei kan inngå i oppsatte møter for driftsåret.

Når ein sender ut og ber om innspel til saker der det dreier seg om kronebeløp må ein enten ta med siste års vedtak slik at endringar klart går fram i saka.

Er det rett at kulturmidlar har stått uendra over fleire år? Kva gjer kulturetaten mht. å få auka rammene?

Lindås Idrettsråd har de siste åra sendt inn forslag til endring av tildeling av kulturmidlar for idretten, utan at vi har sett at saka på nokon måte er tatt opp til behandling. I hovudsak ønskjer ikkje vi at det skal ligge til grunne fleire søknader til ulike tiltak, men at heile potten til idretten skal tildelast som driftstilskot og laga/klubbane v/styra sjølv vel kva måte ein vil nytta kulturmidlane.

Det er og heilt unødvendig at laga/klubbane må søkje, då dette er ei tildeling basert på medlemstall og alt dette finn kultureininga sjølv for tildeling til våre medlemslag.

Lindås Idrettsråd ber kultureininga til å fornekle prosessane og spare frivilligheten for alt som er unødvendig meirarbeid og legge til rette for enkel saksbehandling, Lindås Idrettsråd vil sjølv sagt stille seg disponibel som før ved grunnlag for tildeling.

Lindås Idrettsråd hadde totalt 4004 medlemmer basert på siste års søknader der 2014 var grunnlaget.

Lindås Idrettsråd har og vil ta saka angående endring av tildeling av kulturmidlar for idretten opp ifm. vår samarbeidsavtale med Lindås kommune. Dykk vil da få saka sendt over frå kontaktperson i Lindås kommune for vår samarbeidsavtale.

Vi gjer dykk og merksam på at tildeling for 2015 vart gjort på feil grunnlag tross at de ble opplyst om feila for utrekning av tilskot. Fleire medlemslag fekk blant anna ikkje tildelt midlar til idrettskule.

Med Hilsen

For Lindås Idrettsråd

Leiar John Helge Walderhaug

Lindås Idrettsråd
E-post: lindaas.idrettsraad@gmail.com

